



Det kongelige kunnskapsdepartement

Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Vår dato: 18.12.2006

Vår ref.: 2006/278

Dykkar dato: 18.10.2006

Dykkar ref.:

Sakshandsamar :RØS

Høyringsvar - Framlegg til ny felles forskrift om opptak til høgre utdanning

Høgskulen i Volda har vurdert forslaget og har følgjande kommentarar:

Om kapittel 2 Generell studiekompetanse

Til § 2-1

Vi støttar Alternativ 1 i forslaget.

Til § 2-3

Vi støttar forslaget om at aldersgrensa vert fjerna.

Om kapittel 4 Spesielle opptakskrav

§ 4 -1 Spesielle opptakskrav i tillegg til generell studiekompetanse,

Punkt c) Informatikk, realfag, natur- og miljøfag

Våre fagmiljø i matematikk og naturfag i Avdeling for lærarutdanning er skeptiske til å vidareføre ordninga med spesielle opptakskrav. Vi har m.a. fått følgjande tilbakemelding frå matematikkmiljøet:

"For opptak til reine fagstudium i realfag er det sikkert fornuftig å vidareføre ordninga med krav om fordjuping frå VG-skule.

Vårt studium har eit anna siktemål enn å utdanne matematikarar. Dei er retta inn mot studentar som antan ønskjer å undervise i grunnskulen eller som, med eller utan utdanning, allereie underviser i skulen. Vi er interesserte i studentar som likar matematikk og som har føresetnader for å arbeide med faget. Kor langt dei er komne i si kvalifisering i faget ved opptak er mindre viktig.

Eit anna moment er at vi har to vegar til opptak til våre studium. Ein gjennom fagvalet i allmennlærerutdanninga og ein ved opptak direkte til studia. Desse to vegane har no, og i forslaget til forskrift, svært ulike opptakskrav. Dette er uheldig og heller ikkje særleg logisk.

Vårt ønske er at opptakskrava til våre studium i matematikk for lærarar er dei same som opptakskrava til allmennlærerutdanning. For allmennlærerutdanninga meiner vi det er fornuftig å vidareføre karakterkrava i matematikk."

Vi veit også at Nasjonalt fagråd for informatikk har sendt brev til departementet/UHR om tilsvarende problematikk for IKT-faga, og at dei oppfordrar til at fagkravet til informatikk vert sett til 2T/R1/S2, samstundes som at dei som ønskjer og treng skjerpa opptakskrav utover dette får høve til å gjere det.

Ein tilsvarende modell kunne tenkjast for dei grunnskuleretta IKT, matematikk og naturfaga også, fordi ein med noverande forskrift erfarer at det er stor avstand mellom dei som vel faga som fagval i si lærarutdanning

(karakteren 3 i 1MA) og dei som får opptak til studiet på vanleg måte (2MX/2MY/3MZ + 3MX/3MY/3FY/3KJ/3BI/).

Høgskulen i Volda foreslår difor

anten

at matematikk 2T/R1/S2, vert gjeldande som minste spesielle opptakskrav til informatikk, realfag, natur – og miljøfag, og at dei studia som har behov for utvida tilleggskrav får høve til å sette dette

eller

at det vert gitt eit særskilt unntak frå tilleggskrava for grunnskuleretta fag i IKT, matematikk og naturfag, men med eit minimumskrav om 2T/R1/S2 og karakteren 3 eller betre.

Punkt g) Pedagogiske fag

Vi har fått innspel frå vidaregåande skular som meiner at det til punkt g) ikkje er skilt nok på den kompetansen dei ulike matematikkursa i Kunnskapsløftet vil gi. Slik dei fortel og vi oppfattar det, er det vesentleg skilnad i innhaldet på T og P-variantane i matematikkfaget. Det synest difor litt rart at ein med to så ulike kurs, skal vere kvalifiserte for å starte på det same faget i allmennlærerutdanninga.

Rådgivarar i vidaregåande skular som har tatt kontakt med oss, argumenterer også med at dersom dei to variantane vert sideordna, vil elevane søkje minste motstandsveg og velje P-varianten. Det vil etter deira syn ikkje føre til ei styrking av realfaga på sikt.

Høgskulen i Volda ber difor om at departementet vurderer at 2T-varianten vert sett som felleskrav for opptak til allmennlærerutdanninga og at karakterkravet 3 vert oppretthalde. Kravet 2T vil vere i samsvar med forslaget til minstekrav i fht. grunnskuleens IKT, matematikk og naturfag i punktet over.

Vi støttar elles framlegget om at Allmennlærerutdanning og 5-årig integrert lærerutdanning har dei same, spesielle opptakskrava.

Om kapittel 7. Rangering av søkere ved opptak.

§7-2. Kvote for førstegangsvitnemål og ordinær kvote

Vår avdeling for mediefag har levert følgjande merknad til dette punktet:

"Avdeling for mediefag oppfatter det som et problem at unge søkere som begynner på journalistutdanningen i større grad enn eldre søkere enten avbryter studiet eller tar annen utdanning etter endt journalistutdanning som ikke bygger på denne grunnutdanningen. Dette betyr at ressursene til yrkesrettet medieutdanning ikke utnyttes optimalt. Vi er av den oppfatning at alder og livserfaring er nøkkelford i den prosessen som utløser et funksjonelt korrekt yrkesvalg innenfor det journalistiske feltet.

I forhold til høringsutkastet har vi derfor følgende konkrete merknader:

1. Vi ønsker å bli fritatt for en førstegangsvitnemålskvote til journalistutdanning. Hvis dette er et politisk umulig prosjekt, ønsker vi en lavest mulig opptaksandel fra denne søkerkategorien.
2. Vi er positive til argumentasjonen knyttet til overgangen fra primærvitnemål til førstegangsvitnemål som kvotegrunnlag (s. 5 i omtalen), men forstår ikke ut fra begrunnelsen om å premiere effektivitet i videregående opplæring poenget med å koble dette til en aldersgrense for denne kvoten. Et godt førstegangsvitnemål er en god indikator, uavhengig av alder. Vi forstår naturligvis intensjonen med å stimulere ungdom til å gjøre tidlige valg, men for journalistutdanningen er ikke dette spesielt vellykket.

Vi ber derfor departementet vurdere hensiktsmessigheten av aldersgrense i førstegangsvitnemålskvoten, eventuelt om denne aldersgrnisen kan settes noe høyere, for eksempel 25 år."

Punkt (1)

Høgskulen i Volda støttar forslaget om ei endring frå primærvitnemålskvote til førstegangsvitnemålskvote.

Punkt (3)

På bakgrunn av uttalen frå avdeling for mediefag støttar vi ikkje forslaget om 50% førstegangsvitnemålskvote. Vi ønskjer å halde fast på 60% ordinær kvote.

§ 7-4. Poengberegning av søkere med mer enn ett grunnlag for rangering.

Dersom høyringssvara tilseier at Alternativ 2 vert valt i § 2-1, vil det medføre at alle over 23 år, automatisk skal poengbereknast på fleire måtar. Dette medfører ein del ekstra saksbehandlingstid for opptaksorgana, i ei allereie hektisk opptaksfase. Til no gjennomfører vi dette berre for dei søkjarane som faktisk har levert tilleggskdokumentasjon utover vidaregåande skule. Vi ber departementet om å vurdere desse to paragrafane i samanheng.

Med helsing

Gunnar Stave
Rektor

Ragne Ørstavik Sørheim
Seniorkonsulent